

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 27. februar 2014, kl.14.00
Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne. Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sykkylven kommune møtte varaordførar Olav Harald Ulstein.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste, men to saker vart innmeldt under eventuelt.

**SAK 07/14
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 16. JANUAR 2014**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 16. januar 2014 blir godkjent.

**SAK 08/14
UGYLDIGE AVTALAR OG ERSTATNING FRÅ NORDEA BANK NORGE ASA – RÅDMANNENS
HABILITET - OPPFØLGING**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2014

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling:

Sykkylven kommunestyre finn at rådmann Ole-Johan Lillestøl er inhabil til å ta del i arbeid knytt til kommunen si sak mot Nordea Bank Norge ASA vedkomande gjeldsforvaltning.

SAK 09/14
ÅRSMELING SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL 2013

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2014

Følgjande setning vart føreslått endra:

Ei vurdering av bompengerordninga i Sykkylvsbrua AS er også gjennomført.

Nytt forslag lydte slik:

Kontrollutvalet har blitt orientert om bompengerordninga i Sykkylvsbrua AS.

Kontrollutvalet gjekk samrøystes inn for dette nye forslaget.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med dei endringar som går fram ovanfor vart det framlagte forslaget til årsmelding vedteke som årsmelding 2013 for Sykkylven kontrollutval.

SAK 10/14
UTGREIING OM ORGANISERING AV REVISJONSDISTRIKT – ORIENTERINGSSAK

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 11/14
OM TILSKOT TIL MINORITETSSPRÅKLEGE BARN

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 20.02.2014

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet tek saka til orientering.
2. Saka blir oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 12/14
BRUK AV ANBODSSYSTEMET I SYKKYLVEN KOMMUNE

Saka kom opp som følge av at leiaren i kontrollutvalet hadde blitt kontakta av entreprenørar i kommunen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å komme tilbake til.

SAK 13/14

OM LEGESENTERET I SYKKYLVEN KOMMUNE (Saka kom opp under eventuelt)

Det er tidlegare vedteke å gjere ein forvaltningsreisjon av dette temaet. Kontrollutvalet avventa oppstart av arbeidet hausten 2012 på grunn av at kommunen held på å reforhandla avtalen med legesenteret. Saka vart på nytt teke opp igjen hausten 2013, men ny avtale var ikkje ferdig framforhandla. Ein ville då sette i gang ein forvaltningsrevisjon. Då det kort tid etter kom tilsynssak frå fylkeslegen, fann ein å ville samordne forvaltningsrevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til i neste møte.

SAK 14/14

MANGEL PÅ SKRIFTLEGHEIT OG SKRIFTLEGE TILBAKEMELDINGAR VED ADMINISTRATIVE VEDTAK (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å kome tilbake til.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)